

Notat

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skriven: 29.07.2009
Frå: Konstituert administrerande direktør Helge Bryne
Sakshandsamar: Ivar Eriksen
Saka gjeld: **Statens eierberetning 2008**

Styresak 075/09 O

Styremøte 02.09. 2009

Administrerande direktør si orientering pkt 4

Nærings- og handelsdepartementet publiserte i juli dokumentet "Statens eierberetning for 2008", som omhandlar forvaltninga av det statlege eigarskapet i 2008. Dokumentet gir ein oversikt over mellom anna viktige eigarsaker, økonomisk utvikling og styresamansetting i 52 selskap der staten sitt eigarskap blir forvalta direkte av departementet. Dokumentet tar siktet på å bidra til auka kunnskap om departementet sitt arbeid med forvaltninga av eigarskapet og om dei enkelte selskapa.

"Statens eierberetning 2008" er delt i to. Del ein inneheld oversiktar for året som har gått og artiklar knytt til det statlege eigarskapet. I del to er det gitt ein omtale av kvart selskap. Dei regionale helseføretaka er omtala på side 91 – 95.

I omtala av viktige hendingar i Helse Vest er nemnd ordninga med pasienthjelpar, utjamning av skeivfordelinga mellom helseregionane, resultat frå undersøkingar som syner at dei pårørande er fornøyde med behandlinga barna deira får ved dei barne- og ungdomspsykiatriske poliklinikane, nasjonalt prosjekt for å betre kvaliteten på og få kontroll med vikarbruken i sjukehusa, etablering av nye avtaler med private leverandørar av laboratorie- og røntgentjenester og innføring av ny elektronisk pasientjournal.

Helse Vest er ikkje kjent med kven som har vore involvert ved utforminga av avsnittet om viktige hendingar i regionen. Med bakgrunn i den omtala som er gitt, vil det vere naturleg å ta kontakt med Helse- og omsorgsdepartementet for å sjå til at kvaliteten på omtala blir forbetra.

Vedlegg: Statens eierberetning for 2008